



Under ei synfaring i februar lova Børnes-eigarane bot og betring. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Politikarane Torfinn Myklebust frå Innbyggjarpartiet og Morten Vevatne frå Venstre roser i eit innlegg i media kommunen ved Jarle Fossheim fordi han kalla inn eigarar av industriarealet på Børnes for å rydde opp i skrotet og rotet. Men dei hevdar at det er skjedd lite av opprydding der.

- Det ser nesten like fælt ut som før Fossheim kalla arealeigarane saman til ein alvorleg prat om "bossplassen", skriv Myklebust og Vevatne. Dei spør kva kommunen skal gjera vidare:
- Vil kommunen prøva å gjera meir? Og har kommunen mynde til det? Er det anna enn godvilje frå eigarane som kan få området i finare stand, spør dei.

Dei to rosar kommunen og Fossheim for initiativet og vonar at dei prøver vidare både i Uskedalen og andre stader.

– Resultater vil det verta om ein held fram med dette arbeidet, meiner Myklebust og Vevatne.

Av Ola Matti Mathisen